



Tor Vidar Sæle har ynskje om meir deltaking frå kommunen

**Under siste styremøte i KV tok dagleg leiar Tor Vidar Sæle opp spørsmålet om eit større samarbeid med kommunen.**

**Han meinte at kommunen bør gå inn og kjøpa nye tenester til ymse brukergupper**

**som har trong til fagleg og god oppfølging, men som fell utanfor VTA-ordninga og ikkje kan stå i tilrettelagt arbeid**

Tanken er ein ny avdeling for dei svakt fungerande med ein større bemanning enn VTA og som kommunen kan kjøpa denne tenesten av.

Fordelen vil er vera at alle tilbod vil koma under den samme paraplyen. Dermed vil ein utnytta kompetansen ved KV, få eit større fagmiljø og gje eit breiare og betre tilbod til brukarane når dei treng det.

Brukarane kan flyttast mellom ulike avdelingar etter behov og ikkje stå på vent og kommunen vil spare utgifter oig dra nytte av dei statlege midlane.

Kommunen bør ikkje sjølv byggja opp noko nytt tilbod for denne brukargruppa før eit alternativ hos KV er vurdert. Styremedlem Leif Kongestøl vil ta opp dette i kommunen og styret var einig i det.

Det ynskjer at KV skal bli ein paraplyorganisasjon for fleire av tiltaka i kommunen slik at denne kan kjøpa dei tenestar som er naudsynte innan arbeidstrening, utprøving og aktivisering.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen